

Løslatt – TIL HVA?

Det er ca. 2.700 innsette i norske fengsel i dag. Rundt 80% av desse hamnar innanfor murane att etter endt soning, av ulike årsaker. Mange innsette har ei gudstru, men dei ferraste finn ein plass i ein kristen kyrkjelyd etter soning.



AV JARLE KLUNGREHAUG
FENGSELSDIAKON I
INDREMISJONSSKAPET
OG LEIAR AV ARBEIDS-
GRUPPA FOR FORUM FOR
KRISTENT FENGSELSARBEID

Landskonferansen i Forum for kristent fengselsarbeid i Vestre Aker menighetshus 18.-19. september 1998. Konferansen vil sette søkelys på kva dei innsette har av tilbod etter endt soning. Frivillige og tilsette i organisasjonar og kyrkjelydar frå heile landet møtast med fokus på ettervern etter fengsel.

Ved fjorårets konstitueringsmøte var det representantar frå dei fleste kyrkjesamfunn og organisasjonar som er engasjert i kristent fengselsarbeid i Noreg. Dette vert såleis den første ordinære landskonferansen. Vi reknar med mange påmeldte til konferansen i år, og for å legge forholdet til rette for at mange frivillige skal kunne reise, er konferansen lagt til fredag og laurdag. Konferansen er gratis for frivillige medarbeidarar.

Nokre innsette vil delta under konferansen.

Det er utfordringar og problemstillingar rundt dette vi ønskjer å fokusere på

Forumkonferansen. Frå programmet kan nemnast at det fredag vert innleiing frå den politiske leiinga i justisdepartementet, etterfulgt av to innsette som set ord på sine erfaringer og tankar om livet utenfor murane etter soning. Etter lunsj får vi ei panelsamtale under leiing av Geir

ker og forbønsgudstjeneste.


Laurdag vil folk frå Diakonhjemmets forskningsavdeling gje rapport frå ei evaluering av to ettervernstiltak, medan frivillige frå Greåker frikirke vil kome med erfaringar frå Alpha-kurs i Sarpsborg kretsfengsel.

Tverrkjyrkjeleg møteplass

Ved årets konferanse vil det vere eit fengselstorg der det er høve til å sjå på aktuell litteratur og få informasjonsmateriell frå ulike organisasjonar og grupper som er engasjert i fengsels- og ettervernsarbeid. Noko av grunnideen med Forum er å få ein tverrkjyrkjeleg møteplass der ein kan utveksle erfaringar og idear, samt knyte nye kontakter. Det er difor sett av god tid til pauser undervegs.

Fengselsarbeid og ettervern er eit felt som langt fleire kyrkjelydar bør setje på dagsorden. Det finst innsette, ex-fangar eller slektingar og vener til innsette i dei fleste kyrkjelydar. Vi vil difor spesielt oppmode og utfordre kyrkjelydar som enno ikkje er engasjert i slikt arbeid til å sende representantar til konferansen.

Spørsmål i samband med konferansen kan rettast til Jarle Klungrehaug, tlf. 22 11 13 15/91 36 88 93.



Heljesen, eit kjent NRK-ansikt for dei fleste. I panelet sit representantar for justisdepartementet, fengselsprestane, tilsette innen ettervern og organisasjonar, innsette og tidlegare innsette. Fredag vert avslutta med orienteringssa-